

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.4.23

Stad: Melahytta

Sak 13/23. Søknad om tilskot til bokprosjekt

Saksopplysning/vurdering

Fjellstyret har motteke ein søknad frå Hol historielag v/Knut Medhus om tilskot til eit bokprosjekt; Per Aksel Knudsen si bok «Villrein i lys og skygge.»

Søknaden ligg ved. Av denne går det fram at det meste av boka har tema frå Nordfjella villreinområde, med kapittel om m.a. historikk, villrein og forvalting gjennom tidene. I søknaden er det og eit enkelt oppsett som syner budsjett og planlagd finansiering av boka. Trykkekostnaden er rekna til i underkant av 100.000 kroner. Arbeidskostnaden er stipulert til 250.000, der 150.000 er rekna inn som dugnadsarbeid. Den samla finansieringstrongen er sett til kr 196.875. Per Aksel Knudsen orienterte om prosjektet på villreinutvalet sitt årsmøte. Det kom då fram at førehandssal av boka kan vera ein måte å finansiera trykkinga på, i tillegg til reine tilskot og gåver.

Fjellstyret har ein budsjettpost som kan gå til føremål som dette – *Tilskot til allmennytige føremål*. Denne er på kr 5000 i budsjettet for 2023. Så langt i år er det ikkje brukt noko av dette. Ein annan måte fjellstyret kan bidra på, er å førehandstinga eit visst tal bøker, til bruk som gåver eller til vidaresal. Betaling for dette vil gå på budsjettpost *7005 Trykkeutgifter og informasjonstiltak*. Dersom boka kjem ut i 2024 (til villreinutvalet sitt 50-årsjubileum), vil fjellstyret kunna tilpassa budsjettsummen det året etter kva som er førehandstinga av bøker.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev eit tilskot på kr til Hol historielag i samband med utgjevinga av boka «Villrein i lys og skygge.» I tillegg ynskjer fjellstyret å tinga eks. av boka når ho kjem ut, med betaling når bøkene er mottekne.

Fjellstyrekontoret, den 17.4.23

Harald Skjerdal

Hol historielag

Øvre Holsvegen 105, 3576 Hol

Tlf.: 48150015 Epost: knut@medhus.info

Dato: 11.04.2023

SØKNAD OM MIDLER TIL BOKPROSJEKT

Hol historielag har i lengre tid, saman med Per Aksel Knudsen, arbeidd med å få til ei bok om villreinforvaltninga i Nordfjella gjennom tidene. Prosjektet vart aktualisert av CWD situasjonen. No er manus i grove trekk klart, det står att å finansiere boka og trykke den.

Me viser til teksten og opplysningane som følger her og tillet oss å søke om tilskott til prosjektet.

Forfattar: Per Aksel Knudsen, 3580 Geilo

Hol sin representant for Nordfjella villreinnemnd 1988 – 2018, sekretær for villreinnemnda 1988-2008, vidare medsekretær 2009-2018 (gjennom Aurland Naturverkstad/Siri Bøthun Naturforvaltning/Sogn Naturforvaltning), i tillegg til ei rekke verv innan viltforvaltning, bl.a. Villreinrådet i Norge. Utmarkoppsyn sidan 1981. Hjelp til redigering og databehandling, **Siri Wølneberg Bøthun**, Sogn Naturforvaltning

Utgivar: Hol historielag, 3576 Hol

Forlag: Hol historielag

Tittel: VILLREIN I LYS OG SKYGGE

Tittelen viser ikkje berre til CWD situasjonen, men ei rekke miljøutfordringar og følgjer forvaltninga fram til i dag.

Formål

Gi innsikt i villreinforvaltning og lære folk å setja pris på fjellnaturen.

Innhald

- Innleiing: Beskrivelse av atmosfæra i eit intakt kalvingsområde samanlikna med eit fjellområde der masseturisme har tatt overhand.
- Villreinens inntog i landet – fornminner i Nordfjella villreinområde.
- Beitegrunnlag før og etter menneskeleg påverknad.
- Jakt og tamreindrift i Nordfjella frå 1700 talet og framover.
- Det første samarbeidsorganet for villrein, interimstyret 1972, vedtekter 1974. Vi i følger forvaltninga fram til i dag og er innom alle vesentlege aktørar.
- Lordetida.
- Vasskraftutbygging
- Husdyr – rovdyr – masseturisme.
- Rekrutteringstiltak
- Muntre historier frå ein oppsynskvartdag.

- Eigne vurderingar.
- Siste del: Bildande kunstnarar som har brukt mykje av livet sitt i fjellet. Representantar frå kvar kommune. Her startar vi med pioneren, Johannes Flintoe, og er innom Nils Bergslien med sitt fornøyelige bilde av lord Garvagh. Vi møter Aksel P. Knudsen og Hans Brusletto frå Hol, Aslak Sandestølen og Nils Ellingsgard, Ål, Tommy Syversbråten, Hemsedal, Hans Gjesme og Knut Rumohr, Lærdal, Johannes Vinjum, Aurland, Lars Gunnar Polden og Lars Osa, Ulvik.

BUDSJETT

Arbeid med manus, innsamling av stoff, intervju, bildeinnhenting m.m. over 2 år: 250 000 kr

Grafisk design, trykk 500 eks. levert Hol, inkl. mva	96 875 kr
--	-----------

Total kostnad:	346 875 kr
-----------------------	-------------------

Finansieringsplan:

Eigeninnsats/eigr arbeid	150 000 kr
--------------------------	------------

Finansieringsbehov: 346 875 – 150 000	196 875 kr
---------------------------------------	------------

Tilskott kan overføres til **Hol historielag, konto 2333 32 35498**

For Hol historielag

Knut Medhus

- leiar/sign -

Sign/forfatter